KONTROLLUTVALET I TYSVÆR

ÅRSMELDING

2023

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2023.

I følgje kommunelova § 23-5 skal ”***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret”.***

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som på vegne av kommunestyret skal syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstiller til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsmakt, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer	**Varamedlemmer:**
Leiar Ola S. Apeland (H)	1. Lars Birger Baugstad (Frp)
Nestleiar Karsten A. Larsen (Frp)	~~2. Jorunn Synnøve Stava (H)~~ (anna utval)
Medlem Emly Årvik (Ap)	2. Wenche Hellesund (V)
Medlem Svein Terje Brekke (Krf)	3. Inge Lundervold (Sp)
Medlem Marit Hølland Gjedrem (Sp)	4. Henry Dybdahl (Ap)

For valperioden 2023-2027 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer		Varamedlemmer
Leiar	Svein Terje Brekke (Krf)	1. Synnøve Bredal Bjelland (SV)
Nestleiar	Stig Hop (INP)	2. Aud Irene Eikemo (Ap)
Medlem	Bodil Tungland (Ap)	3. Vegard Espeland (V)
Medlem	Karsten Arne Larsen (Frp)	4. Elisabeth Skjervheim Saxe (Krf)
Medlem	Åse-Berit Apeland Rolland (Sp)	5. Rune Hagland (H)

Stig Hop er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har ikkje møtt på nokon av møta i 2023.

Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Rådmannen eller andre frå administrasjonen har vore til stades på alle fire møta.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2023

Kontrollutvalet har i 2023 hatt 4 møte fordelt på to om våren og to på hausten. Møtet i juni blei avlyst. Kontrollutvalet har opne møte, men dei skal og kan bli lukka når det er heimla i lov.

Utvalet har i 2023 hatt 25 saker til handsaming, der 5 av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. 30 saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over saker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Det var fleire av medlemmene som deltok på opplæringskvelden for nye kontrollutvalsmedlemmer i Aksdal den 14.11.23.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Her under ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen.

Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytt til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk (GKR) og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde 09.05.23, sak 08/23 kommunen sin årsrekneskap for 2022 til handsaming. Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 137,5 mill. kr, som utgjer 10,4 % av driftsinntektene. Resultatet var litt betre enn året før og det låg godt øve teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75 %.

Revisor hadde levert rein revisjonsmelding. Kontrollutvalet hadde inga merknader til rekneskapen og slutta seg til framlegg til uttale.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årlig vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunetyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 blei utarbeida i 2020, og var basert på ein Risiko- og vesentleganalyse. Kommunestyret vedtok den nye planen, etter innstilling frå kontrollutvalet, i møtet 22.09.20, sak 82/20.

Rogaland Revisjon sin forvaltningsrapport om «Forebygging og tidlig innsats» blei handsama av kontrollutvalet og kommunestyret våren 2023. Revisor hadde peika på fleire forbetringspunkt, og kom med ni tilrådingar. Det blei ein frist på 12 månader for oppfølging. Det er planlagd oppfølging i mai 2024.

Rapporten om «Effektivisering, forbedring og tjenestetilpasning» blei følgt opp av utvalet og kommunestyret i fyrste halvår 2023. Kommunestyret tok rådmannen si tilbakemelding til orientering.

Kontrollutvalet valde prosjektet «Beredskap, hendingar og katastrofar» som nytt prosjekt for 2023. Prosjektmandatet er utarbeida og rapporten vil bli lagt fram i mai 2024.

Utvalet har også tinga ny Risiko- og vesentleganalyse frå revisor. Denne analysen skal danne grunnlaget for nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2023 – 2027. Utvalet vil arbeide med desse planane i løpet av 2024.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføringa av eigarskapskontroll.

Planen for 2020-2024 og retningslinjene for eigarskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 22.09.20, sak 81/20.

Det blei ikkje gjennomført eigarskapskontrollar i 2023.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år eigenerklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS har vore kommunen sin revisor sidan 01.07.21, med Rune Haukaas som oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor.
Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 15.06.21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæringar, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimsrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar og arbeida med forvaltningsrevisjonsrapport.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påse ….at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak….».* Revisor er derfor pålagt å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni**.** Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon IKS kom med si uttale for rekneskapsåret 2022 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen. Revisor hadde undersøkt etterleving av Lov om offentlege anskaffingar.

Revisor hadde nokre merknader og utvalet vedtok å be om ei tilbakemelding frå administrasjonen innan 01.09.23.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga frå administrasjonen som vart handsama i møtet 26.09.23.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan også skje ved at utvalet får orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har spurt om.

Utvalet vedtok ein plan for orienteringar frå administrasjonen i februar 2020. Planen har seinare blitt oppdatert, og utvalet har også invitert kommunale selskap. I 2023 har rådmannen orientert om velferdsteknologi og TK-2030. Rådmannen eller andre frå administrasjonen har orientert utvalet om aktuelle saker og svara på spørsmål gjennom året.

5 BUDSJETT/REKNESKAP - KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2023:

	REGNSKAP 2022	BUDSJETT 2023	REGNSKAP 2023
Godtgjersle, kurs, m.m	75 550	103 000	61 045
Revisjonstenester	1 057 880	1 054 500	1 194 250
Sekretariatstenester	220 000	229 000	229 000
Sum utgifter	**1 354 430**	**1 386 500**	**1 484 295**

Kontrollutvalet handsama hausten 2023 framlegg til budsjett 2024 for tilsyn og kontroll for 2024. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine eigne utgifter på kr 1 484 000.

6. SEKRETARIATET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmannen eller revisjonen. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og andre sekretariat, spesielt med Rogaland, Vestland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore rådgjevar Sjur Hatlen. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

For valperioden 2019 – 2023 er Kathrine Bakkevig valt som kommunen sin representant til representantskapet i IKS`et og med Åsmund Sandvik som varamedlem. Bakkevig meldte forfall på kort varsel til representantskapsmøtet 24.04.23.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2023 har vore nokon lunde som planlagt. Rekneskapen for 2022 blei handsama i mai. Forvaltningsrevisjonsrapporten om «Effektivisering, forbedring og tjenestetilpaning» har blitt følgt opp av utvalet og kommunestyret.

Forvaltningsrevisjonsrapporten om «Forebygging og tidlig innsats» har blitt behandla av utvalet og kommunestyret på våren og er planlagd følgt opp i fyrste halvår 2024. Ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Beredskap, hendingar og katastrofar» blei tinga i februar og vil bli lagd fram for utvalet i mai 2024. Utvalet har tinga risiko- og vesentleganalyse frå revisor.

Administrasjonen har elles gjort greie for kommunen sin økonomiske situasjon gjennom rekneskap og budsjett, samt orientert om andre aktuelle saker.

***

Aksdal, den 19.02.24

Stig Hop	Svein Terje Brekke Leiar	Bodil Tungland
Karsten A. Larsen		Åse-Berit Apeland Rolland

VEDLEGG

OVERSYN OVER SAKER I 2023 – TYSVÆR KONTROLLUTVAL

Saker til handsaming:

01/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 08.11.22
02/23 Forvaltningsrevisjonsrapport - «Forebygging og tidlig innsats i barnehage og barneskole»
03/23 Oppfølging av revisjonsrapport - «Effektivisering, forbedring og tjenestetilpasning»
04/23 Bestilling av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Beredskap, hendingar og katastrofar»
05/23 Årsmelding for 2022 frå kontrollutvalet
06/23 Referat- og orienteringssaker 28.02.23

07/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 28.02.23
08/23 Uttale til årsrekneskapen for 2022 – Tysvær kommune
09/23 Forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2022 - revisor si attestasjonsuttale
10/23 Orientering frå rådmann om «TK-2030»
11/23 Handtering av henvendingar til utvalet – 2. gangs handsaming
12/23 Referat- og orienteringssaker 09.05.23

13/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 09.05.23
14/23 Orientering frå rådmannen om «Velferdsteknologi»
15/23 Oppfølging av forenkla etterlevingskontroll for 2022
16/23 Kontrollarbeidet i kommunen - budsjettframlegg 2024
17/23 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid for perioden 2019 - 2023
18/23 Referat- og orienteringssaker

19/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 26.09.23
20/23 Kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar
21/23 Revisor sin eigenerklæring for 2023
22/23 Orientering om revisjonsstrategi og forenkla etterlevingskontroll for 2023
23/23 Bestilling av risiko- og vesentlegheitsvurderingar og planar for forvaltnings-revisjon og eigarskapskontroll 2023 - 2027 for Tysvær kommune
24/23 Møteplan for 2024
25/23 Referat- og orienteringssaker